

Årsmelding

Øystese Kyrkjelyd 2017

- godkjent av Øystese sokneråd 06. mars 2018 -

Soknerådet hadde 10 ordinære soknerådsmøte i 2017. I tillegg var det ei rad møte i dei ulike komiteane i soknerådet (trusopplæringsutval, diakoniutval, utval for kunst, kultur og kyrkjemusikk og bygningsutval).

Heile soknerådet m/vara var innkalla og møtte til soknerådsmøta:

Sokneprest Lars Arne Vik

Oddvar Ulltang – leiar

Hans Atle Soldal – nestleiar

Anne Marit Rykken – skrivar

Trude Femsteinevik – kasserar / kontaktperson Himal Partner

Bodil Lie Øyri – Kirkens nødhjelpskontakt

Kjell Arne Gjørn

John Kristian Rykkje

Sidsel Iren Neteland Linga

Varamedlemer:

Anne Luth-Hanssen Oma

Hege Dale

Helge Erik Olsen

Rannveig Linga

Gunnvor Utne Mæland

Årsmøtet i kyrkjelyden vart halde 19. mars. Då vart årsmelding og rekneskap for 2016, godkjent av Øystese sokneråd 06.mars, lagt fram til orientering.

I tillegg til denne årsmeldinga er det utarbeidd og innsendt til Kyrkjerådet "Årsstatistikk for Den norske kyrkja 2017" med tal frå arbeidet i Øystese sokn.

Gudstenester m.m. i Øystese sokn i 2017 (2016-tala i parantes):

Det er halde 30 (26) søndagsgudstenester i Øystese kyrkje med eit snitt på 132 (130) deltakarar.

26 (26) born er døypte. Det var 29 (37) konfirmantar, 9 (7) vigsler og 35 (31) gravferder.

Det er halde 15 (15) andre gudstenester; m.a. på Øysteseheimen og Mikkjelsflaten, utegudstenester og skulegudstenester. Det er halde 78 andaktar på institusjonane.

Også barnehagane har vore på besøk i kyrkja, tilrettelagt av kateketen.

Totalt tal deltakarar på alle gudstenestene var 4336 (4452).

Offer til kyrkjelydsarbeidet var kr 53.381,- (kr. 56.075). Offer til lag og organisasjonar vart kr. 63.041,-(kr.60.932,-)

Rekneskapsresultatet for 2017 viser eit overskot på kr. 651,79 (overskot i 2016 var kr 1702,05). Saldo bank ved årsslutning kr. 33.492,10 (kr 23437,33). Sjå vedlagde rekneskap 2017.

Lønsinntektene frå klokkartenesta kr. 19.901,-(kr 19.335,-) er overført til foreldregruppa for ungdomskoret.

Kyrkjeleg fellestråd:

Øystese Sokneråd sine representantar i Kvam Kyrkjelege Fellestråd var i 2017 Oddvar Ulltang (vara Sidsel Iren Neteland Linga) og Hans Atle Soldal (vara Kjell Arne Gjørn).

Rådet har halde 5 møter. Viser til eiga årsmelding for fellestrådet. Nokre saker med særleg relevans for Øystese kyrkjelyd er:

- revidert og prioritert plan for vedlikehald av kyrkjene:
- Oppussing av sakristi
- utvendig vask og måling
- utvendig lyssettjing av altavindaugo

I 2017 har kyrkjeverje invitert soknerådsleiarane til samtale og felles info, rett etter fellestrådsmøta. Det har vore ei nyvinning me set stor pris på.

Kyrkjebladet:

Kyrkjebladet for Kvam og Jondal trur me vert lese av ein stor del av bygdefolket og er eit godt bindeledd innan kyrkjelyden.

Redaksjonen av bladet er no knytt til staben i kyrkja, med kyrkjeverje som redaktør, og staben som redaksjonsnemnd. Sokneråda har sine representantar i redaksjonsnemnda. I følgje kyrkjeverje fungerer dette i noko grad – men heller ikkje meir.

Øystese sokneråd sin representant i redaksjonsnemnda har vore Arne O. Øystese.

Dialogforum

Har i 2017 ikkje hatt eigne arrangement.

Open Kyrkje sommaren 2017:

Soknerådet vedtok på møte 28.mars at Øystese kyrkje skal vera Open vegkyrkje også i 2017.

Kontaktpersonane er Gro Ålvik, Helge Erik Olsen og Samson Håland jr.

Dei hadde med seg følgjande medhjelparar: Ann Kristin Teigland, Asbjørn Flatabø, Rolf Matthiessen, Ragna Helene Vestrheim, Helga Håland, Kjell Arne Gjørn, Svein Ove Duesund og Kjell Helvik.

I perioden 09. juni til 20. august, vart kyrkja opna kl.11.00 kvar dag og stengd kl. 21.30, utan vakt. Me har også dette året hatt eit flott samarbeid med Kabuso, som har opna kyrkja kvar dag. Samarbeidet er grunngeve med at kyrkja framstår som ein av tre sentrale kulturberarar i Øystese, saman med Ingbrigt Vik museet og Kabuso. Om kvelden vart den stengd av vaktkorpset. Open kyrkje har også ein god avtale med Hardangerfjord hotell; nøkkel vert henta der og levert tilbake etter stengetid kvar dag.

Open Kyrkje - tilbodet har fungert godt, og mange menneske, mest turistar, men og bygdefolk har nytta høve til ei stille stund i kyrkja, og legg gjerne att ei takkehelsing i gjesteboka.

Stor takk til alle som deltok i gjennomføringa!

Kyrkjelydsavtale mellom Øystese sokneråd og Himal Parter.

Øystese kyrkjelyd har samarbeidsavtale med Himal Parter. Tore og Ragnhild Skeie frå Kvam har arbeidd som tilsette i Nepal fram til mai 2015. Soknerådet sin kontaktperson er Trude Femsteinevik.

Avtalen omfattar informasjon om arbeidet til kyrkjelyden og innsamling av støtte til dei prosjekta Himal Partner til ei kvar tid treng støtte til. Ved kvar gudsteneste vert arbeidet til Himal Partner bede for i forbøna.

Avtalen skal fornyast i løpet av våren 2018.

Arrangement:

Soknepresten vår Lars Arne Vik, har i løpet av året invitert til 7 musikalske føremiddagstreff i kyrkja midt i veka. Mange set stor pris på denne møtestaden som etter kvart er eit fast innslag i kyrkjeåret.

Det har vore invitert til to samlingar med kyrkjeclubb for psykisk utviklingshemma, og i november arrangerte sjømannskyrkja «Festkveld på kjerka».

Konsertar i Øystese kyrkje:

15.12: Julekonsert med Laudamus

20.12: Julekonsert med Skulemusikk/Musikklaget

23.12: Kvammakoret , arr Kvammakoret

Trusopplæring i Øystese i 2017**Krølletreff:**

I mai arrangerte me Krølletreff for 3-åringar. Eit kjekt arrangement der borna får høyra bibelforteljinga om Den bortkomne sauene, helse på eit levande lam som Sidsel Iren Neteland Linga har med seg (svært stas!) og ete graut til kvelds. 11 born møtte opp, det er 46% av dei inviterte. HF var på besøk og fekk ei god sak på arrangementet!

4-årsbok:

Flott oppmøte med 21 born (88% av dei inviterte). Me hadde ei fin ettermiddagssamling og ei fin gudsteneste med song av Aina og Erika Almeland.

6-årsbok/1.klassesamling:

19 born (ca 85%) kom til arrangementet. Dette året vart tiltaket ikkje knytt til gudsteneste pga at det oppstod ein krasj med 50-årskonfirmantane

Programmet for ettermiddagen var ved ulike stasjonar, der dei på den eine stasjonen skulle skriva namnet sitt på eit hjarta som me limte på veggen bak i kyrkja. God idè! Kva er vel vakrare enn håndskrifta til ein 1.klassing?

Tårnagent:

Dette er eit samarbeidstiltak mellom Øystese og Norheimsund. 21 born deltok, 6 av dei frå Øystese (27%). Ein fin og kjekk dag for borna med høgdepunktet: tur opp i klokketårnet! Dagen vart avslutta med gudsteneste og song av Tårnagentane med Oddvar Ulltang m/band.

Lys Vaken

Tiltaket vart arrangert i Norheimsund kyrkje, men er eit samarbeid mellom Øystese og Norheimsund. 24 born kom, 5 av dei frå Øystese. Det var ro kl. 23, og borna sov godt! Måltid, program og aktivitetar gjekk fint, og borna fekk med seg mange gode opplevingar!

Kyrkjekino

Kinoen vart arrangert i Norheimsund kyrkje, men er eit samarbeid ml. Øystese og Norheimsund. Alle borna på 5. trinn kom!! 105% oppslutning! Altså fleire enn dei inviterte! Kjekt!

Borna fekk sjå filmen «Narnia. Løven, hekse og klesskapet», med påfølgjande «stasjonsundervising». Eit måltid vart det også tid til, med pizza frå Alpino.

Elles går Babysong sin gong i Norheimsund kyrkje, med 5-10 deltakarar frå Øystese kvar sesong.

Småbarnstreffa er også innarbeidde i Norheimsund kyrkje. Med innslag frå Øystese innimellom. Dette er eit tilbod til vaksne som er heime med born på dagtid, følgjeleg stor utskifting av deltakarar.

Soknerådet er svært takknemleg for at organist Margrete Lid Kjosås tek oppgåva å dirigera barnekoret for born opp til 4. klasse og det nye aspirantkoret for barn 5. til 7. klasse. Kora hadde pause haust 2017, men er i gang att i 2018. For 2017 er det bokført 44 medlemmer. Barnekora øver tysdagarrrett etter skuletid i Øystese Bedehus.

Kyrkjemusikk:

Kyrkjemusikarane har sett i gang arbeid med å utarbeida Plan for kyrkjemusikk, slik Kyrkjerådet har vedteke. Planarbeidet er drøfta i soknerådet, og me er i dialog med organisten.

Diakoni:

Det siste året har arbeidet med diakoniplanen vorte gjennomført i samarbeid med alle sokna i heradet. Hans Atle Soldal har vore leiar av denne prosessen. Planen er no ferdig til handsaming i dei 4 sokneråda. Han inneheld ein lokal del der sokna har sine egne tiltak, og ein felles del for heile Kvam. Me er stolte over å vera i hamn med dette dokumentet, og trur at me no i større grad vil ha retning og gode tiltaksområde i møte med menneske som treng oss, og å invitera inn til arbeidsfellesskap for dei som ønskjer å gje av si tid og sine krefter. Me ser også eit behov for å tilsetja ein diakon i kvammakyrkja, og vil arbeida vidare med ein eventuell søknad om dette.

Konfirmantarbeid:

Det var 29 konfirmantar i Øystese sokn året 2016-17. Ansvar for dette utfordrande og viktige arbeidet har sokneprest Lars Arne Vik. Soknerådet arrangerte ein fin konfirmantfest rett etter samtalegudstenesta 23.april.

Fasteaksjon 2017

Fasteaksjonen vart gjennomført på ein god måte 04.april. Innsamlarane – konfirmantar og sjåførar - vart takka med bollar og saft i bedehuskjellaren då arbeidet var gjennomført. Dette året vart det samla inn kr. 45.945,- (37.088,-)

Kyrkjebygget:

I haust fekk me nye ryggputer til benkane. Mange har gjeve positive tilbakemeldingar for det.

Kyrkjebenkane, dørkarmar og listverk vart måla seint i haust. Arbeidet vart utført av dugnadsgjengen, med Lars Froestad i spissen. Helge Erik Olsen har stått for planlegginga og er soknerådet sin kontaktperson med dugnadsgjengen. Me er svært takksame for godt utført arbeid, og ei betydeleg oppgradering av kyrkjerommet!

Kvam kyrkjelege fellesråd har laga ei prioriteringsliste for utbetring av kyrkjhusa. Opprusting av prestesakristiet er no nært føreståande.

Nytt bårhus på Øystese kyrkjegard:

Bårhuset har vore under oppføring siste halvdel av 2017, og vil stå ferdig våren 2018.

Personalsituasjonen 2017:

Kyrkjevevjerje/dagleg leiar: Olav Skeie Lid.

Kontorsekretær: Anne Kari Sørheim

Kateket: Marna Roer(sjukemeld deler av året), Bjørnar Sangolt, kyrkjelydspedagog, vikar. Han sa opp si stilling 1. august.

Kyrkjelydspedagog: Lina Valland Lyngset (permisjon). (Ho sa opp frå 1. august 2017) Solveig Sangolt, kyrkjelydspedagog, vikar. Fast tilsett frå 1. august 2017

Organistar: Margrete Lid Kjosås og Sevi Asgarova. Begge i permisjon denne vinteren, Torgeir Solsvik og Nancy Karine Eikeland Sangolt vikarierer.

Kyrkjjetenar: Monica Sørstømme Skogvoll(sjukemeld),

Halvard Laupsa, vikar

Arbeidsleiar på kyrkjegarden: Thor-Erik Eitrheim Aga. Han slutta 1. oktober. Heine Ugletveit vart fast tilsett frå 16. oktober.

Takk til denne flotte staben, takk for arbeidet de gjer for kyrkjelydane våre!

Sokneprest i Ålvik og Øystese: Lars Arne Vik

Sokneprest i Vikøy og Strandebarm: Roar Strømme (vikarierende sokneprest)

Soknerådet vil takka dei for omsorgsfull presteteneste!

Soknerådsmedlemene tek oppgåva som kyrkjevertar etter tur.

Soknerådet vil og takka klokkarteamet - Helga Vestrheim Tolo, Wenche Øystese, Jarle Sortevik, Helga Allmenning og vikar Hans Atle Soldal - for frivillig innsats på gudstenestene. Klokkarløna går til foreldregruppa til ungdomskoret.

Takk også til pensjonert prost Arne O. Øystese for teneste i Øystese kyrkje dette året.

Samarbeid med Øystese indremisjon

I bygda vår har det vore lange tradisjonar for samarbeid mellom kyrkja og indremisjonen.

Dette ønskjer me å halda fram med.

Me vil også hjelpa kvarandre til å sjå heilskapen i det kristne arbeidet i bygda og stå saman om å byggja gode fellesskap og møteplassar.

Me er stolte over det mangeårige samarbeidet i om å løna ein tilsett ungdomsarbeidar. Vidar Sangolt og alle hans medarbeidarar har også dette året gjort ein framifrå innsats i Ungdomskoret, Origo og KRIK!

Sluttord

Me har ein flott stab og mange flinke og positive frivillige, men me treng endå fleire medhjelparar til ulike oppgåver. Har du/ de moglegheit til det, så meld dykk til teneste!

Målet er å auka oppslutnaden om gudstenesta og kyrkjelydsarbeidet. Sundagen er dagen då me feirar Jesu oppstode, og me ønskjer at alle skal verta glade i gudstenesta og kjenna seg heime i kyrkja.

Soknerådet vil takka alle dei trivelege menneska som har vore med i samarbeidet i Øystese sokn i 2017. Mange har ytt av si tid, slik at arbeidet også dette året har fungert. Arbeidet må leggjast opp etter dei ressursar me har og ikkje etter dei ressursar me skulle ynskja å ha.

Me set også svært stor pris på det gode samarbeidet me har med frivillige lag og organisasjonar i bygda!

Takk for bidraget ditt, både med pengar, forbøn og tid -og med deg sjølv når du møter til gudsteneste.

Velkomen til Øystese kyrkje vidare i 2018!

På vegne av soknerådet, 06.03.2017

Oddvar Ulltang

Leiar